



**VINNARHESTEN:** – Det er som eit eventyr, som ein draum eg er redd for å vakna opp frå, seier trenar og medeigar Silje Bruvik (t.h.). Her vert ho og kusk Odd Storetvedt intervjuet av Atle Lundgren Hansen, dagleg leiar på Bergen travpark, etter ein av løppssigrane til Føyland Jerven i oktober.

# Åtte stroke for Føyland Jerven

**Føyland Jerven frå Stamnes med Silje Bruvik som trenar har hatt ein sensasjonell start på karriera.**  
**– Nesten heilt uverkeleg, kommenterer hesten sin trenar.**

– Det er heilt fantastisk. Som eit eventyr, som ein draum eg er redd for å vakna frå, seier Silje Bruvik etter at Føyland Jerven har gjort reint bord i åtte løp på rad i haust på Bergen travpark.

Siste løpet han vann var torsdag i førre veke. Hesten gjekk sitt fyrste løp 18. september i år, og sidan har han ikkje gjort anna enn å vinna. Til saman 105.000 kroner har Jerven koyrt inn på tre månader, og det vert lagt merke til.

## «Vrakhest»

Sigersrekka vert endå meir oppsiktvekkjande av at sjuåringen opphavleg var «vrakhest». Dessutan har Silje Bruvik null erfaring som travtrenar. Jerven hadde stått i profesjonell stall

på Austlandet. Men dei fekk han ikkje til; han var veldig skeiv og til slutt bestemte dei seg for å selja han.

Nett då var Silje Bruvik ute etter travhest, med einaste kriteria at han skulle vera billig og ha bra stamtable. Bruvik fekk Føyland Jerven for 10.000 – veldig billig – og kjøpte han saman med systera Susanna Bruvik og sambuaren Christian Kulshamar for to år sidan. Saman tok dei namnet Stall Kulshamar, med Jerven pr i dag som einaste travhesten.

## Amatør som trenar

Men å forvandla ein vrakhest til ein vinnar, tek lang tid. Silje Bruvik er amatør på feltet, og har aldri trent travhestar før. Men ho har hatt hest heilt sidan ho var sju år då ho gjekk på ridekurs. Og etter at dei fekk Jerven, har ho brukt sin eigen sunne fornuft for å få hesten i gang att.

– Eg starta med å byggja opp grunnmuskulaturen. Her heime på Stamnes vert det berre ride-trening, med litt sprang og ulike variantar. Med vogn trenar me

berre ein gong i veka når me er på travparken i Åsane, fortel den suksessrike trenaren.

– Eg har berre gjort det som kjennest rett for denne hesten, seier Bruvik og forsikrar at ho ikkje har nokon loyndomar. – Alle som vil kan få vita nøyaktig kva eg har gjort.

Ho og Jerven har trena i nærmiljøet på Stamnes, der det ikkje finst nokon fasilitetar for hestetrening. – I utgangspunktet er treningsforholda heilt elendige, med mykje asfaltvegar. Men me trenar på nokre bratte skogsvegar, og litt sprangridning på ei grasslette. Ein må vera kreativ, og fordelen er at han får veldig variert trening.

## Bygdefolket engasjert

Treningsturane på Stamnes der ho møter bygdefolket langs vegen, gjer at dei har fått augo opp for hesten.

– Bygdefolket har fått travfeber, og alle fylgjer med. Folk synest det er kjekt og engasjerer seg, og det gler meg verkeleg. Me har fått ein god heiagjeng, og mange er med til Åsane på

løpa og heiar Jerven fram. Det er kjempemoro, fortel Silje Bruvik. I oktober vart Jerven kåra til «Månadens hest» på travparken.

Torsdag komande veke går Føyland Jerven sitt siste løp på ei stund. Årsaka er at Silje Bruvik er «kjempegravid» og må kvila sjølv. Dermed må også Jerven kvila litt.

– Er det uheldig?

– Nei, det er omvendt. Han har gått mange løp no, og dei seier det berre er godt å ta det roleg to-tre månader, fortel Silje.

## Betre og betre

I tillegg til Jerven har ho ein islandshest, mest som selskapshest for travhesten. Ho har lyst på fleire hestar, men må venta.

– No skal eg fyrst få ungen, og eg fryktar det vil ta så mykje tid at eg ikkje kan få fleire hestar nett no, seier den hesteglade kvinnen.

Når Hordaland snakkar med henne torsdag, har Jerven hatt sin treningsdag på travparken der systera også er med og hjelper til. Silje er nøgd. – Eg har aldri koyrt han når han har vore

så god som dette, seier ho etter økta.

Konkurransen vert tøffare no når Jerven har passert 100.000 innkjørt, men Bruvik ser ingen grunn til at eventyret ikkje skal halda fram.

– Så lenge han er frisk og i godt humør, er det ingen som veit kvar det endar. Kusken – erfarte Odd Storetvedt – seier at han berre kan lata Jerven gå sitt eige løp. Jerven vert betre og betre på eiga hand. Det viser også på tidene, seier Silje Bruvik.

GEIR GEITLE | tekst  
VIDAR HERRE | foto  
gg@avisa-hordaland.no

## Loke Faks på 3.

**TRAV:** Loke Faks som Jostein Finne er medeigar av, tok ein 3. plass under lunsjtravet på Bergen travpark tysdag. Loke Faks fekk tida 1.30,3, og innkasserte 4000 kroner i premie. Seksåringen har ei god resultatrekke bak seg, og har travau inn bortimot 330.000 kroner totalt. Iben H enda uplassert i same løpet, medan Haukeli Hildur braut etter galopp i 3. løpet.

## Røthe droppar Tour de Ski

**LANGRENN:** Sjur Røthe vart nummer tre samanlagt under verds-cupen på Lillehammer som var lagt opp som ein langrenns-tour. Likevel vil han droppa årets Tour de Ski, melder avisar Gudbrandsdølen Dagningen. Samstundes med at Tour de Ski blir avslutta

opp alpinbakken i Val di Fiemme 11. januar er det Skandinavisk cup i VM-løypene i Falun. Gudbrandsdølen skriv at mange av dei beste langrennsløparane vil prioritera dette rennet for å gjera seg kjend med løypene.

## Tapte årets siste kamp

**HANDBALL:** Voss 2 tapte årets sin siste kamp for året i 7. divisjon for kvinner, og tek med det joleferie med ein tabellposisjon som tilseier nedrykk. Voss 2 har berre vunne ein av åtte kampar, og ligg på nest siste plass i avdelinga. Onsdag var det Bønes som blei sterke i Voss

idrettshall. Laget frå Bergen vann 28-22 etter å ha leia 14-8 til pause. Toppskårar for Voss 2 vart Hege Bakketun med sju skåringar, to av dei på straffekast.

## Sport Arena

**Handballkampar**  
Aldersbestemte klassar spelar i Voss Idrettshall i dag. Show-kampar.